

## Vedlegg til møteprotokoll Sula kontrollutval, 19. september 2023, sak 22/23.

### Oppsummering/evaluering av perioden 2019-2023 for Sula kontrollutval.

Med bakgrunn i Sula kontrollutval sit siste møte i perioden og med referanse til eiga sak (22/23) fekk sekretariatet i oppdrag å skrive ned dei synspunkta som kom fram i diskusjonen. Medlemmane og oppdragsansvarleg revisor deltok i diskusjonen og kom med innspel til framtidig arbeide i Sula kontrollutval. Referatet frå diskusjonen vil ligge som vedlegg til møteprotokollen og bli lagt fram som eigen melding til det nye kontrollutvalet i Sula på deira fyrste møte hausten 2023.

Sula kontrollutval er tydeleg på at kurs og kompetanse for utvalet sine medlemmar er viktig for å forstå rolla si. Dette bør og omfatte varamedlemmar. Dette må kome tidleg i perioden og omfatte tema som habilitet, ansvarsområde, rolleforståing og kva som definerer oppgåvene til kontrollutvalet. Det opplevast som ei «bratt» læringskurve i kontrollutvalet og samansetning med både unge, eldre, røynde og mindre røynde krev god opplæring.

Kontrollutvalshandboka og konferansar har vore gode «støttespelarar» i utvalet. Sekretariatet og kommunerevisjonen har gjeve kontrollutvalet auka forståing for rolla si men det er også viktig at kommunestyret kjenner kontrollutvalet sitt arbeide. Sekretariatet burde kanskje lage ei større oversiktsplan slik at oppfølging av arbeidet blir lettare for kontrollutvalet.

Det kan tidvis være vanskeleg å sette seg inn i sakene med mykje nye uttrykk og ukjent språk. Mykje av stoffet frå kommunerevisjonen er komplisert og krev innsikt i ukjende tema. Det er også viktig at revisjonen bruker tid på å forklare «fagspråk» og gjøre det forståeleg.

Fleire medlemmer peika på rolleforståing og samhandling både med ordførar og administrasjon i møta. Kontrollutvalet meiner det kan være lurt å avklare behov og forventninga ein har til ordførarenes deltaking.

Kontrollutvalet i Sula meiner dei har fungert som eit fagorgan og ikkje politisk organ. Partipolitikken har vore fråverande i utvalet i tråd med lovverket og arbeidet har vært på vegne av kommunestyret.

Kommunestyret sin oppfatning og kjennskap til kontrollutvalet er viktig. Det er nok slik at røynde representantar kjenner utvalet men nye medlemmar av kommunestyret har nok ikkje same forståing av kontrollutvalet sin funksjon. Her har leiar av kontrollutvalet gjort ein god jobb som bindeledd mellom kommunestyre og kontrollutval.

Sula kontrollutval i perioden 2019-2023 ynskjer å takke ordførar, kommunedirektør, kommunerevisjonen og sekretariatet for godt samarbeide.